

ÅRSMELDING

for Rasdalen grendalag

2024/2025

Innleiing

Etter nokre år med pandemi, var me tilbake det normale i 2024. På årsmøtet i mars vart det litt endringar i styret, mellom anna vart styret utvida til 8 medlemmer, inkludert varamedlemmer.

Styret er dermed samansett slik :

Leiar : Terje Rasdal

Styremedlemmer : Frode Tufte, Wenche Helle, Arild Skjelbred, Nina Haugsnes og Vegard Veka Rasdal

Varamedlemmer : Jaran Rasdal, Victor Larsen

Av styret står Terje på val (leiar), Frode og Arild står på val (styremedlemmer) og Victor står på val (varamedlem).

Valnemd : Jan Olav Larsen og Geir Rasdal, Geir står på val.

Revisor er Agny Laukeland Bygnes.

Møteverksemd

Dette året har det, mot normalt, vorte halde fire styremøte i grendalaget. I tillegg har styret hatt ein del kommunikasjon digitalt. Det første styremøtet hadde me 28.mars, det andre møtet vart halde 31.mai, det tredje 6.juli og det fjerde 11.oktober.

Grunnen til at me hadde fire styremøte, var arbeid med å planlegga jubileumsfesten i grendahuset den 27.juli.

I 2024 hadde me årsmøte som vanleg på Skjærtorsdag, og også eit styremøte i forkant av årsmøtet. Der gjekk me gjennom årsmeldinga og hadde og ein gjennomgang av aktivitetane i grendalaget utover i året. Det vart arrangert påskerenn i Haugamyra påskeaftan med Paal og Vegard som rennleiarar, og etterpå var det påskebasar i grendahuset. På basaren hadde me som før, tre trekningar med 10 kroner per år. Det var bra med folk på basaren, og dei kjøpte rikeleg med årer. Resultatet vart såleis imponerende, heile 18.228 kroner fekk me inn ! Takk til alle dei som har støtta opp om om grendalaget på denne måten - gjennom så mange år !

Årsmeldinga som, med eventuelle endringar, vert etter årsmøtet lagt ut på Rasdalssida, www.rasdalen.no. Det må vera i grendalaget si interesse at aktivitet og det som har skjedd det siste året, vert skriftleg dokumentert, også med tanke på dei som kjem etter oss. Elles vert medlemmene i grendalaget oppfordra til å senda bilete, ev. med tekst, til webmaster Arild. På vinterstid er det også greitt at folk rapporterer til webmaster om korleis føret oppover Rasdalsvegen er. Det kan vera nyttig for dei som då vil reisa opp i Rasdalen.

Saker det har vore arbeidd med :

Dugnaden 01.06.2024

Denne gongen gjekk det meste av dugnadsarbeidet føre seg utandørs. Det var fire dugnadsopplegg : To personar rydda stølsvegen innover til Gamlestølen, to personar rydda stien opp gjennom Todalen til Tostigen, ein person rydda stien opp til Furuhaugen, og ein person hadde indreteneste og vaska og rydda i grendahuset – også det ein viktig jobb!

Fellestur til Øykjholmane 07.07.2024

Sjølv om veret var litt fuktig, vart dette ein flott og interessant tur. Me hadde felles avreise frå grendahuset kl.11, og det var godt oppmøte, 14 personar stilte opp. Bilane parkerte me heilt inne i Øvstedalen, og guiden vår var Kåre Vassenden. Han gjorde ein god jobb med å fortelja, og ikkje minst med å svara på spørsmål. Inne ved Øykjholmane hadde me matpause ved hytta til Kåre. Deretter gjekk turen tilbake i dette flotte landskapet. Alle var samde om at dette hadde vore ein gild tur!

Jubileumsfesten 27.07.2024

Dette må seiast å vera høgdepunktet i Rasdalen dette året! Godt og tenleg ver, ein festlyd med 68 personar, og med eit rikhaldig program. Styret i grendalaget la ned mykje arbeid med å få til ein litt høgtideleg, kjekk og minnerik fest. Rasdalen skule, som vart teken i bruk i januar 1954, og som seinare endra namn til Rasdalen grendahus, hadde altså 70-årsjubileum. Det vart ein del utfordringar med logistikken med at så mange melde seg på, men me avviste ingen. Salen nede var heilt fylt opp, og dei på kjøkkenet hadde det rimeleg hektisk – og trangt. Men alt gjekk greitt, også på grunn av god og grundig planlegging. På programmet stod det velkommen, mat (god gryterett), innslag frå «gamle elevar», Arnljot

Fosse (læraren frå 1960/1961), kaffi og kaker, fem allsongar, og mot slutten av festen påskjønningar til Arnljot Fosse og til Jan Rasdal. Jan sa frå seg gjenval i dette året, og han har gjennom så mange år vore ein sentral, og ikkje minst nyttig person for grendalaget. Arnljot Fosse, godt opp i 80-åra, gjorde eit svært så godt inntrykk, både då han fortalde om korleis det var å vera lærar i Rasdalen, og ikkje minst då han deklamerte «Slumpelukko», utan manus!

Så denne gongen vart den årlege sommarfesten erstatta med ein storslått jubileumsfest. Det var også ein bonus for grendalaget at maten vart billegare enn stipulert. Grendalaget tok nemleg kostnaden med denne festen, det fortener alle dei som har støtta grendalaget opp gjennom åra.

Økonomien til grendalaget

Som det har vorte skriva i dei siste årsmeldingane, har me hatt bra styring med økonomien over mange år. Med god hjelp frå medlemmene meiner me å ha kontroll, noko som medfører at det er lettare å driva og å halda oppe aktiviteten i grendalaget. Saldo per 31.12.2024 var på 37637,47 kr. Etter den tid har det gått ut 21006,42 kr til faste utgifter. Utgifter til straum og forsikring er det som gjer størst innhogg i kapitalen vår. Påskebasaren er den største inntektskjelda vår, og det håpar me vil halda fram!

Når det gjeld medlemskontingenten, oppmodar me medlemmene at den vert betalt inn innan 1.juni 2025, dette er også ei inntekt som er viktig for grendalaget. Det er like godt å få det gjort, elles vert det fort gløymt. Kontingenten for husstand er 300 kr, og for enkeltmedlem 150 kr. Kontonummeret til grendalaget er 3480 11 38286, Vipps-nummeret er 530 195. Informasjon om dette ligg også på www.rasdalen.no og på Facebook.

Diverse

Det er viktig for oss i styret å halda grendahuset i god stand. Dermed vert det også meir attraktivt å bruka dette huset til møte og ulike samkomer. Reint økonomisk er det viktig for grendalaget å få inn pengar på denne måten også.

Badet vert brukt, særleg då dusjen og toalettet.

Nøkkellåsen fungerer godt, hugs å endra koden, og å dra opp dekselet på låsen når du går

Me vil også i denne samanheng poengtera sterkt at skuleplassen ikkje skal brukast som ei bane for ulike køyretøy.

Så kan det også nemnast at Erling Braut Haaland var i Rasdalen i juli i 4-5 dagar. Han kom luftvegen i helikopter, som landa på skuleplasen. Han og familien var ein av dagane ein tur til Voss, og dermed vart det sjølvsagt stort oppslag i «Hordaland». Slik er det å vera ein av verdas mest kjende fotballspelar!

Vurdering av arbeidsåret og vegene vidare

Me legg bak oss eit arbeidsår med bra aktivitet. Særleg må jubileumsfesten nemnast, den vart slik som me hadde håpa. Utan å skryta for mykje, så må ein kunna seia at det vart gjort eit godt stykke arbeid med å arrangera denne festen.

Styret prøver så godt det kan å vidare tilretteleggja aktivitet i dalen. Som vanleg vil me arrangera både dugnad, fellestur og sommarfestfest til sommaren. Nærmare informasjon om dette vert kunngjort snart.

Vinteren i år har vore spesiell, men her har vore snø og glatt Rasdalsveg tidlegare i vinter. Men etter kvart har snøen forsvunne, så det tradisjonelle påskerennet vert nok ikkje råd å arrangera denne gongen.

Elles er det også viktig at me fylgjer godt med på kva Voss herad tenkjer og vil gjera når det gjeld dette med omklassifisering av kommunale vegar. Her skal me i styret vera i høg beredskap dersom det skulle koma diverse utspel derifrå.

I denne samanheng lyt også Voss herad få skryt. I september 2024 vart gjort eit ganske omfattande arbeid på Rasdalsvegen med grøfing, utviding av svingar og reinsking av jord og stein. Mannen som gjorde mykje av jobben med gravemaskin, skal ha ære og ros for alt det som vart utført i den perioden! Vegene fekk verkeleg eit løft!

Me har dei i siste åra registrert at det vert færre folk å sjå i dalen, både om sommaren og elles i året. Men heldigvis så stiller mange likevel opp når det gjeld arrangementa våre, særleg då sommarfesten og spesielt påskebasaren. Dette vonar me i styret vil halda fram !

For styret i Rasdalen grendalag

Terje Rasdal 05.04.2025

